

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 20.11.2023

**SAKSHANDSAMAR:** Inger Elin T. Skorpen m. fleire

**SAKA GJELD:** Rapportering frå verksemda per oktober 2023

**ARKIVSAK:** 2023/157

**STYRESAK:** 118/23

**STYREMØTE:** 06.12. 2023

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2023 til vitande.

## 1. Kva saka gjeld

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 31. oktober 2023.

## 2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

### Målekort

Målekort Helse Vest - oktober	Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
		Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	70	50	67	50	
	Ventetid - PHV	40	45	40	49	40	
	Ventetid - BUP	35	50	35	57	35	
	Ventetid - TSB	30	30	30	32	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid	14,5 %			14,0 %		
	* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer						
Aktivitet:	Korridorpasienter somatikk	1,5 %			1,4 %		
Somatikk				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		
	Døgnopphold	13 783	13 811		136 286	135 706	0,4 %
	Dagopphold	5 722	5 558		54 583	54 356	0,4 %
Psykiatri	Poliklinikk	127 600	119 158		1 184 815	1 109 266	6,8 %
	Døgnopphold	789	845		8 067	8 445	-4,5 %
	Dagopphold	84	120		848	910	-6,8 %
TSB	Poliklinikk	42 873	45 874		387 189	410 435	-5,7 %
	Døgnopphold (ekskl. private)	175	129		1 483	1 210	22,6 %
	Dagopphold	6	0		41	15	173,3 %
Bemanning	Poliklinikk	7 360	7 926		69 196	74 310	-6,9 %
	Brutto månedsverk	25 193	24 776		25 146	24 701	1,8 %
	Sykefravær	5,5 %	8,3 %		8,3 %	8,6 %	-0,3 %
Økonomi	Resultat	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
		26 923	43 473	-16 550	174 132	512 957	-338 825

### Ventetider og fristbrot

Den gjennomsnittlege ventetida for fagområda samla var 68 dagar i oktober, som er over den nasjonale målsettinga. Pasientane som framleis stod på venteliste ved utgangen av månaden hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 67 dagar som er uendra frå september.

For dei somatiske fagområda var den samla ventetida på om lag 70 dagar i oktober og den gjennomsnittlege ventetida var godt over målsettinga på 50 dagar i alle dei fire helseføretaka. Det er ulikskapar mellom helseføretaka med 71 dagar i Helse Stavanger, 69 dagar i Helse Fonna, 65 dagar i Helse Bergen og 90 dagar i Helse Førde.

Den regionale målsettinga er at ventetida innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) skal være under 40 dagar i gjennomsnitt. I oktober 2023 var den gjennomsnittlege ventetida i helseføretaka på 45 dagar for pasienter som vart behandla. De er ei klar nedgang frå september 2023. Ventetida for pasientar på venteliste var 47 dagar ved utgangen av oktober.

Ventetida innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var 48 dagar i oktober som var ei betydeleg reduksjon frå 59 dagar i september. Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var samla ventetid for helseføretaka 30 dagar i oktober, noko som er lik det regionale målet på 30 dagar. Helse Bergen (26) og Helse Førde (19) har lågare ventetid enn det regionale målet.

Helse Vest har no ei vesentleg betre utvikling innan psykisk helsevern og rusbehandling enn for somatikk.

Prosentdelen fristbrot for dei som har starta helsehjelpa er samla sett framleis høg i oktober (9,1%). Prosentdelen ventande med fristbrot ved utgangen av månaden var noko lågare enn i september (10,1%). Innan somatikk er andelen ventande med fristbrot 6,8%, innan PHV 1,5%, innan BUP 0,9% og innan TSB 0%. Det har vore ei positiv utvikling innan alle sektorar. Utfordringa er no størst innan somatikk og andel ventande med fristbrot ved utgangen av oktober for Helse Stavanger er 10,9%, for Helse Fonna 8,6%, for Helse Bergen 3,9% og for Helse Førde er andelen 8,0%. Trenden er positiv for alle helseføretaka dei siste månadene, men samanlikna med oktober 2022 har Helse Bergen og Helse Fonna positiv trend, Helse Førde uendra status og Helse Stavanger ei forverring.


Helse Vest RHF er i dialog med helseføretaka om tiltak for å redusere ventetider og andel med fristbrot. Alle helseføretaka arbeidar med konkrete tiltak for å auka kapasiteten og målrette tiltak mot fagområda som har størst utfordring.

## Kreftbehandling

Det ligg ikkje føre oppdaterte resultat frå Helsedirektoratet om pakkeforløp kreft. Helse Vest arbeider med ei regional løysning basert på data frå Helsedirektoratet. Denne løysinga er ikkje på plass grunn manglande data.

## Aktivitet

Figuren nedanfor viser utviklinga i tal sjukehusophald (døgn- og dagopphald) og polikliniske konsultasjonar innan dei somatiske fagområda. Det er samla sett ei auke i aktiviteten frå september til oktober 2023. Aktivitetsnivået er høgare i oktober 2023 enn i same månad både i 2019 og 2022.



## Somatikk

Talet døgnopphald per oktober 2023 var -1,2 % lågare enn til same tid i 2019, og 0,4 % høyare enn til same tid i fjor. Det har vore høvesvis -0,1 % færre dagopphald og 0,4 % fleire dagopphald målt mot same tid i 2019 og 2022.

Målt mot same tid i 2019 og 2022 har talet polikliniske konsultasjonar auka med høvesvis 16,0 % og 6,8 % hittil i år (oktober 2023). Den store auken i tal polikliniske konsultasjonar sidan 2019 kan delvis forklaraast med at tal døgnopphald ikkje har auka sidan 2019. Dette er ei ønska utvikling.

Utviklinga i totalt tal somatiske døgn- og dagopphald, samt polikliniske konsultasjonar hittil i år (oktober 2023) samanlikna med same periode i 2019, viser ei auke på 13,3 %. Det same talet samanlikna mot 2022, viser ei auke på 5,9 %.

Når det gjeld DRG-poeng, har det vore ei samla auke for somatiske døgn- og dagopphald, samt polikliniske konsultasjonar hittil i år (oktober 2023) på 8,9 % målt mot same tidspunkt i 2019 og 4,2 % målt mot same tidspunkt i 2022.

## Psykisk helsevern

Innan psykisk helsevern for vaksne er den poliklinisk aktiviteten per oktober 2023 -3,3 % lågare enn same tid i 2019 og -1,3 % lågare enn same tid i 2022.

Barn og unge med psykiske lidingar blir i all hovudsak behandla poliklinisk. Hittil per oktober var den polikliniske aktiviteten 0,4 % høyare enn i 2019, og -12,8 % lågare enn på same tid i 2022.


## TSB

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling blir i all hovudsak utført poliklinisk. Per oktober 2023 er den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka -19,2 % lågare enn i 2019 og -6,9 % lågare enn i 2022. Den store endringa skuldast omlegging i kodepraksis for konsultasjonar.

## Sjukefråvær

## Utvikling sjukefråværsprosent over tid

Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var 6,63 % for oktober 2023. I oktober 2019 var samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest 6,69 %. Samla sjukefråvær oktober 2023 er 0,06 prosentpoeng lågare enn for oktober 2019.



Trend for dei fire helseføretaka med pasientbehandling viser at gjennomsnittleg sjukefråværsprosent er 1,1 prosentpoeng høgare hittil i år per oktober 2023 samanlikna med hittil i år oktober 2019.

HMS/kvalitet

Det er meldt 8 139 saker for HMS området hittil per oktober 2023. Tal avslutta saker hittil per oktober er 6 646. Ikkje alle saker som er meldt er endeleg kategorisert. Hittil per oktober 2023 er 7 000 saker klassifisert "hendelsestype" HMS.

Av dei 7 000 sakene som var kategorisert til HMS området, er 2 363 kategorisert psykososialt arbeidsmiljø. Dei fleste er fordelt slik: 340 truslar om vald, 193 truslar om drap, 258 slag, 224 anna vald og truslar mot tilsette og 139 spark.

Til samanlikning var det registrert 150 truslar om drap og 310 truslar om vald hittil per oktober 2022.

Gjennom prosjektet Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidrarar er det etablert eit nytt kunnskapsgrunnlag. Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområder som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidrarar. Rapporten blei lagt fram for styret i Helse Vest i juni -23. Det er utarbeidd plan for gjennomføring av tiltaka som blir følgt opp gjennom etablert nettverk.

## Økonomi

Resultatet for føretaksgruppa for september er positivt med 26,9 mill. kroner, noko som gir et negativt budsjettavvik på 16,5 mill. kroner. Helse Stavanger har i oktober løyst opp reserver, noko som gjer eit unormalt høgt resultat. Sjå omtale av føretaka under. Akkumulert resultat pr. oktober er 338,8 mill. kroner därlegare enn budsjett. Hovudavvika ligg på løn- og personalkostnader som overtid, vikarbruk og innleige. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett.

	Oktober			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	15 090	11 667	3 423	8 816	116 667	-107 850
Helse Fonna	-16 365	0	-16 365	-145 209	0	-145 209
Helse Bergen	-9 671	0	-9 671	-236 345	0	-236 345
Helse Førde	-5 752	1 667	-7 419	-15 684	16 667	-32 351
Sjukehusapoteka Vest HF	-5 327	456	-5 783	-12 403	8 439	-20 842
Helse Vest IKT AS	-6 128	-3 627	-2 501	447	15 851	-15 404
Helse Vest Morselskap	55 076	33 310	21 766	574 510	355 333	219 177
<b>Til saman</b>	<b>26 922</b>	<b>43 472</b>	<b>-16 549</b>	<b>174 132</b>	<b>512 956</b>	<b>-338 824</b>

Alle tal i heile tusen

### Helse Stavanger

Resultat for oktober viser eit positivt resultat på 15 mill. kroner, og eit akkumulert positivt resultat på 8,8 mill. kroner hittil i år. Det er 3,4 mill. kroner betre enn budsjett for oktober men 108 mill. kroner bak budsjett hittil i år. Hovudårsakene til det akkumulert negative avvik kjem, som i føregåande månadar, av for høge kostnader på løn samanlikna med budsjett, samt noko lav ISF-inntekt.

Driftsinntekter er 10,3 mill. lågare enn budsjett for oktober og 54,5 mill. lågare hittil i år.

Driftskostnader viser eit samla positivt avvik på 10,3 mill. kroner for oktober og eit akkumulert negativt avvik på 89,7 mill. kroner. Løn- og personalkostnader i oktober har eit positivt avvik på 16,9 mill. kroner. Det positive avviket skuldast ein opplyst lønnsreserve i oktober, som var halde av grunna usikkerheit omkring størrelsen på lønnsoppgjeren. Hittil i år er det eit negativt avvik på løn- og personalkostnader på 105 mill. kroner.

Helse Stavanger held fram med sin tiltakspakke med ei estimert innsparing på 58,4 mill. kroner for 2023. Per oktober er effekten om lag 22 mill. kroner.

### Helse Fonna

Resultat for oktober viser ei negativt resultat på 16,4 mill. kroner, og eit akkumulert negativt avvik på 145,2 mill. kroner. Avviket kjem i hovudsak av høgare løn- og personalkostnader enn det som var budsjettert.

Driftsinntekter viser eit positivt avvik på 5,1 mill. kroner for oktober. Hittil i år er det eit positivt avvik på 65,4 mill. kroner. Aktiviteten innanfor somatikk har vore lågare enn forventa i budsjettet for både døgn- og dagaktiviteten i oktober, men høgare for poliklinikk. Det er positive avvik for sjølvbetalande og utskrivingsklare pasientar. Aktiviteten innanfor psykisk helsevern har vore lågare enn budsjettet både for døgnopphold i oktober og så langt i år, og også den polikliniske aktiviteten har vore lågare enn forventa i budsjettet.

Driftskostnader viser eit samla negativt avvik på 22,3 mill. kroner i oktober og 222,1 mill. kroner hittil i år. Av dette avviket i oktober gjeld 19,5 mill. kroner løn- og personalkostnader. Avviket er hovudsakleg knytt til overtid/variable tillegg og vikarar, samt innleige frå vikarbyrå. Hittil i år er det eit negativt avvik på løns- og personalkostnader på 164,1 mill. kroner.

Helse Fonna har over tid arbeidd med fleire tiltak for å tilpass drifta til dei økonomiske rammene. Desse tiltaka har ikkje hatt tilstrekkeleg effekt og det er sett i verk strakstiltak. Frå 24. oktober gjeld følgjande;

- **Tilsetningsstopp:** For stab- og støtte einingane skal all utlysingar godkjennast av nivå 2-leder og først lysast ledig etter avklaring med administrerande direktør.
- **Stans/reduksjon av innleige:** All innleige av personell skal godkjennast av nivå 2 leder og avklarast med administrerande direktør

Det er gjennom hausten kartlagt fleire effektiviserings- og innsparingstiltak som det vert jobba systematisk vidare med. Dei vil treffe både pasientar, tilsette og lokalsamfunnet. Administrerande direktør har difor eit stort fokus på god kommunikasjon både internt og eksternt, samt involvering for å sikre gode prosesser og best mogleg grunnlag for vedtak.

### Helse Bergen

Rekneskapen for oktober viser eit negativt resultat på 9,7 mill. kroner, med eit tilsvarende negativt budsjettavvik. Hittil i år er det eit negativt budsjettavvik på 236,3 mill. kroner. Årsakene til det store avviket er lågare aktivitet og eit høgt kostnadsnivå innanfor fleire områder.

Driftsinntekter viser eit positivt avvik på 15 mill. kroner for oktober. Hittil i år er det eit positivt avvik på 66,14 mill. kroner. Aktiviteten innanfor somatikk for døgn- og dagbehandling har vore lågare i oktober, men høgare for poliklinisk aktivitet.

Driftskostnader viser eit samle negativt avvik på 25,1 mill. kroner i oktober og 311 mill. kroner hittil i år. Av dette avviket i oktober gjeld 10 mill. kroner løn- og personalkostnader, og 11,5 mill. kroner gjeld andre driftskostnader. Avviket på løn- og personalkostnader er hovudsakleg knytt til overtid/variable tillegg og vikarar, samt innleige frå vikarbyrå. Hittil i år er det eit negativt avvik på løns- og personalkostnader med 175 mill. kroner.

Helse Bergen vidarefører tiltaka som blei innført 28. August, som blant anna er tilsetningsstopp, dag til dag-styring, meir detaljert og målretta rapportering og oppfølging.

Tiltak frå kirurgisk kapasitet fase 1 (styresak 27/23 O) er sett i verk og aktiviteten er godt over nivået for 2022. Det blir og arbeidd vidare med tiltak innan pasientflyt og planlegging, oppgåvedeling, digitalisering og prioritering.

### Helse Førde

Rekneskapen for oktober viser eit negativt resultat på 5,8 mill. kroner. Hittil i år har Helse Førde eit negativt resultat på 15,7 mill. kroner, noko som gir eit negativt avvik mot budsjett på 32,4 mill. kroner. Driftsinntektene er samla 21,6 millionar lågare enn budsjett pr. oktober og samla løn- og personalkostnader er 45,2 mill. høgare enn budsjett pr. oktober. Det er særskilt overtid, vikarbruk og innleige som driv meirforbruket.

Helse Førde har løpende oppfølging, både knytt til prosjekt og driftstiltak og fokus på tiltak for å handtere utfordringsbiletet, både på kort og lang sikt.

### Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka har pr. oktober eit negativt resultat hittil i år på 12,4 mill. kroner. Dette er 20,8 mill. kroner under budsjett. Årsak til det svake resultatet er i hovudsak ei nedskriving av produksjonsstøttesystem med 15 mill. kroner og kostnader knytt til varslingssaker, tilsyn og endring i leiing på til saman 8,3 mill. kroner.

### Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har pr. oktober eit resultat hittil i år på 0,4 mill. kroner, noko som er 15,4 därlegare enn budsjett. Avviket kjem av eit negativt driftsresultat og auka rentekostnader. Resultatprognosene for Helse Vest IKT viser eit underskot på om lag 10 mill. kroner for 2023.

Resultatprognose for Helse Vest:

	2023		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	50 000	140 000	-90 000
Helse Fonna	-150 000	0	-150 000
Helse Bergen	-200 000	0	-200 000
Helse Førde	-30 000	20 000	-50 000
Sjukehusapoteka VEST	-15 000	9 000	-24 000
Helse Vest IKT	-10 000	1 000	-11 000
Helse Vest Morselskap	655 000	350 000	305 000
<b>Til saman</b>	<b>300 000</b>	<b>520 000</b>	<b>-220 000</b>

Helseføretaka og Helse Vest RHF har gjort ei oppdatert vurdering av prognosene for 2023 basert på resultatutviklinga pr. oktober og kva som er sannsynleg resultatutfall dei siste månadane. Den samla prognosene er på same nivå som førre rapportering, men det er endringar i enkelte av helseføretaka samt Helse Vest RHF. Prognosene er ei administrativ vurdering av situasjonen. Det blir ikkje gjort framlegg om endra budsjett eller prognoser frå nokon av styra i HFa.

### **3. Administrerande direktør si vurdering**

Det er samla sett ei auke i aktiviteten frå september til oktober 2023. Aktivitetsnivået er høgare i oktober 2023 enn i same månad både i 2019 og 2022. Resultata for ventetider og fristbrot innan somatikk er imidlertid på same nivå som same tid i 2022. Helseføretaka har utfordringar i ulike fagområde. Alle helseføretaka arbeidar med konkrete tiltak for å auka kapasiteten og målrette tiltak mot fagområda som har størst utfordring.

Resultatet pr. oktober er 338,8 mill. kroner dårlegare enn budsjett hittil i år, det negative avviket for oktober er på 16,5 mill. kroner. Hovudavvika ligg på løn- og personalkostnader som overtid, vikarbruk og innleige. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett. Den tette dialogen mellom Helse Vest RHF og føretaka held fram. Alle føretaka har iverksett en rekke tiltak for å få ynskja økonomisk effekt. Desse er viktige å gjennomføra for å få eit best mogleg resultat i 2023 og ein best mogleg start på 2024.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar